

En TEKST fra www.dreieskiva.com - Roald's rom i rommet.
Fra Jerusalem til Rom

Roald Kvam © 2008

Kilde: Hvalvik, R. (1992): Fra Jerusalem til Jordens ender. *Hovedtrekk i Apostelenes gjerninger*. Credo Forlag 2. opplag.

I. Før vi byrjar...

- A. Dusjer du?
- B. Bibelsyn (Matt 4, 7).
- C. Tru og rasjonalitet (Joh 1, 1.14).
- D. Bibelens bøyningmønster.
 - 1. Skaping.
 - 2. Syndefall.
 - 3. Frelse.
 - 4. Fullending.

II. Kva Er Apostelgjerningane?

- A. Biografi.
- B. Misjonshistorie.
- C. Kyrkjarahistorie.
- D. Boka til Den Heilage Ande.

III. Innleiingsspørsmål.

- A. Kven skreiv Apg?
 - 1. Luk/ Apg høyrer saman under éin forfattar.
 - a) Adressat (Luk 1, 3; Apg 1, 1).
 - b) Innhald (Luk 24, 47-49; Apg 1-2).
 - 2. Avhengig av overleveringar ® Ikkje augnevitne (Luk 1, 2).
 - 3. Omtale av jødiske forhold ® Ikkje født i Palestina.
 - 4. Språk og litterære uttrykk ® Velutdanna.
 - 5. "Vi-avsnitta" ® Paulus sin medarbeidar/ ven.
 - a) Apg 16, 10-17.
 - b) Apg 20, 5-15.
 - c) Apg 21, 1-18.
 - d) Apg 27 og 28, 1- 16.
 - 6. Oldkyrkjeleg tradisjon ® Lækjaren Lukas.
 - a) Uimotsagt i oldkyrkja.
 - b) Lege (Kol 4, 14).
 - c) Heidningekristen (Kol 4, 11).
 - d) Medarbeidar (2 Tim 4, 10; Filem 24).
- B. Kan forfattaren ha vore ein av Paulus sine medarbeidarar?
 - 1. Spørsmål til framstillinga av Paulus sitt liv.
 - a) Ei reise til Jerusalem (Gal 2 sml Apg 15).
 - b) Paulus sitt forhold til Moselova (Apg 16, 3:

Gal 2,3).

2. Spørsmål til framstillinga av Paulus sin teologi.

a) Aposteltittelen (kontra "dei tolv", Apg 14, 4. 14).

b) Menneskesynet (Apg 17, 28f sml Rom 3, 23).

c) Jesu død for våre synder (Apg 13, 38f: 20, 28 jfr Rom 3, 24ff; 1 Kor 15, 3).

C. Forfattere kan ha vore ein av Paulus sine medarbeidarar!

1. God kjennskap til Paulus sitt liv og teologi.

2. Vanskar med Paulus sin teologi er ikkje "ekstraordinært" (2 Pet 3, 15f).

3. Paulus reknar Lukas som sin medarbeidar.

4. "Vi-avsnitta".

D. Datering.

1. Avhengig av Apg sin slutt (Apg 28, 30f).

2. Avhengig av datering av Luk.

a) Luk år 60 @ Apg år 62.

b) Luk år 70 @ Apg år 75-85.

c) Luk (+ alle evg) etter år 70 @ Apg tidlegast på 80-talet.

E. Kvifor er Apg skriven?

Nokre holdepunkt:

1) Kva forfattere framhevar.

2) Tekst og kontekst.

3) Innleiings- og avslutningsord.

1. Sjå på kven Apg er skriven til.

a) Til Teofilus (Luk 1, 3; Apg 1, 1).

b) Til kristne.

c) Til heidningekristne.

2. Sjå på kven som skriv Apg.

a) Historikar (Luk 1, 1-5: 2, 1f; Apg 11, 28: 25, 1).

b) Teolog.

c) Apg er "teologisk historie".

3. Sjå på kva som står skrive i Apg.

F. Lukas sine kjelder og bruken av desse.

1. Lukas sine kjelder.

2. Lukas sin arbeidsmåte (Luk 1, 1-4).

3. Disposisjon og tema (Apg 1, 8).

4. Seks faser i utbreiinga av evangeliet.

IV. Oppstode og himmelfart. Apg 1, 1-14.

A. Jesu samver med læresveinane etter oppstoda.

1. Oppstoda.

- a) Eit grunnleggande element i urkirka si forkynning (1 Kor 15, 4-5).
 - b) Ein apostel er eit vitne om oppstoda (Apg 1, 22).
 - c) Jesu oppstode var ikkje uproblematisk for dei første kristne (Apg 1, 3).
2. **"Kristofanier".**
- a) Jesus synte seg lekamleg, likevel annleis (Matt 28, 17; Luk 24, 37).
 - b) Jesus er ikkje bunden av tid og rom etter oppstoda (Luk 24, 26 jfr Apg 7, 55).
 - c) Kristofaniane vart avslutta med Jesu himmelfart (Apg 1, 9-11).
3. **Kva skjedde i dei 40 dagane Jesus synte seg for apostlane?**
- a) Undervisning om "Guds rike" (Apg 1, 3).
 - b) Førebuing til misjonsteneste (Luk 24, 26-46-37; Apg 1, 8).
4. **Kva betyr oppstoda for apostlane – og for oss? Les 1 Kor 15 !!!**
- B. **Jesu himmelfart - kva skjedde?**
1. *Ei synleg hending (Luk 24, 44-53; Apg 1, 6-11).*
 2. *Ei bortrykking (jfr passivforma, sml 1 Mos 5, 24; 2 Kong 2, 1ff).*
- C. **Kva betyr himmelfarten teologisk?**
1. *Avskjed og avslutting (Apg 1, 2. 22).*
 2. *Peikar framover mot Jesu gjenkomst (Apg 1, 5ff).*
 3. *Rett endetidsforventning: Jordnær og himmelvendt.*
- D. **"Oppstode" og "himmelfart" og "opphøging".**
- E. **Sentrale trekk ved Jesu person og gjerning.**
1. **Jesu fortsatte nærvær i si kirke.**
 - a) Jesus møter mennesker (Apg 9, 4-5).
 - b) Jesus gjer teikn og under (Apg 3, 6. 16-17: 9, 34).
 - c) Jesu læresveinar (Luk 10, 16; Apg 26, 23).
 - d) Jesu eigen lovnad (Joh 14, 16. 18).
 2. **Kristologiske titlar i Apg.**
 - a) Guds tenar (Apg 3, 13. 26: 4, 27. 30).
 - b) Den Heilage og Rettferdige (Apg 3, 14: 7, 52: 22, 14).
 - c) Livsens hovding (Apg 3, 15: 5, 31).
 - d) Guds Son (Apg 8, 37: 9, 20).
 - e) Herren (Apg 2, 36: 9, 10: 10, 36: 11, 16f. 20f).
 - f) Kristus (Apg 2, 31. 36: 3, 18: 5, 42: 17, 3).
 - g) Frelsar (Luk 2, 11; Apg 5, 31: 13, 23).
- F. **Spørsmål til samtale.**
1. *I urkirka hadde grunnlegging av nye kyrkjelydar*

og deira vekst, ein naturleg plass i forkynninga. Kva har de høyrte av slikt i forkynninga i dag? Kva meiner de om slikt forkynning?

2. Då den første russiske romfararen kom attende frå si romferd, sa han at han «ikkje hadde sett Gud der oppe». Korleis vil det stille dykk i høve til eit slikt utsagn i lys av NT's tale om at Jesus «fór opp til himmelen»?

3. Kvar søndag sannar vi i gudstenesta: «... fórt opp til himmelen, sitter ved Guds den allmektige Faders høgre hand...». Kva legg de i denne vedkjenninga?

4. Kva konsekvenser opplever de at det får for oss at Kristus er nærværande i si kirke?

V. Apostelvalg og apostelteneste i Apg. Apg 1, 15-26.

A. Ein ny apostel.

1. Eit bindeledd: Jesu liv og virke – Apostel – kirkehistorie (Luk 6, 13ff; Apg 1, 13).

2. "Dei tolv" (Sal 109, 8; Matt 19, 28; Luk 22, 30; Apg 1, 21).

3. Krav til aktuelle kandidater (Apg 1, 21f).

4. Bøna og valget (Apg 1, 23f).

B. Kva plass og kva funksjon hadde apostlane iflg Apg?

1. Ein apostel er "læresvein".

2. "Dei tolv" er apostlar.

a) Vitne for folket.

b) Grunnstamme og leiingar for menigheten.

3. Ein apostel er ein "utsending med fullmakt frå sendaren".

4. Ein apostel er eit vitne for folket.

a) Jesu vitne (Apg 1, 8).

b) Vitne om Jesu liv og gjerning (Apg 10, 39).

c) Vitne om Jesu oppstode (Apg 1, 22: 2, 32: 3, 15: 4, 33: 10, 41: 13, 31).

5. Ein apostel er ein menighetsleiing.

a) Innsatt av Jesus.

b) "Tenarar for Ordet" (Luk 1, 2; Apg 6, 4).

6. Ein apostel si lære er eit fundament og samlingspunkt i menigheten (Luk 1, 2; Apg 2, 42; Ef 2, 20).

C. "Dei tolv" og apostlane. Lukas kontra Paulus.

1. Paulus skil mellom "dei tolv" og "alle apostlane" (1 Kor 15, 5. 7).

2. Lukas skildrar Paulus som ein apostel.

a) Jesu vitne (Apg 22, 15: 26, 16).

b) Sett og hørt den oppstandne (Apg 4, 20; 1 Kor 9, 1).

c) Oppdraget (Apg 22, 15; Gal 1, 1. 12. 16).

VI. Den Heilage Ande i Apg. Apg 2, 1-13.

A. Lovnader om Den Heilage Ande (Joel 3, 1 ff; Luk 3, 16: 24,

49 jfr Apg 1, 4f: 2, 17-21).

B. Anden vert rent ut pinsedagen.

1. Kva skjedde pinsedagen?

- a) Apg 2 sml 2 Mos 20.
- b) Andens kome (jfr Joel 3, 1).
- c) Det synlege vert understreka (Apg 2, 2f).
- d) Eldtungene (Apg 2, 3).
- e) Tilhøyrarane (Apg 2, 5-11).
- f) "Tungetale"?

- Eit høyre-under (Apg 2, 8. 11).
 - o Læresveinane tala eit ikkje-menneskeleg språk, uforståeleg. Normalt trengs det tyding.
- Eit språkunder (Apg 2, 6. 8. 11).
 - o Læresveinane tala menneskeleg – men framande – språk (jfr Mark 16, 17).
- To ulike uttryksmåtar:
 - o Å tala "i andre tunger" (Apg 2, 4).
 - o Å tala "i/ med tunger" (Apg 10, 46: 19, 6 sml 1 Kor 12-14).

2. Kva betyr det som skjedde på pinsedagen?

- a) Oppfylling av profeti (jfr Joel 3, 1ff).
- b) Jesu opphøging (Apg 2, 33).
- c) Frelsesverket er ferdig!
- d) Frelsestida er idag!

C. Den Heilage Ande i Apg og NT for øvrig.

1. Éin tekst om utrenninga av Anden – i Apg.

2. Mange tekstar om erfaringar med Andens kraft – i Apg og NT for øvrig.

- a) Omvending og frelse (Gal 3).
- b) Forkynning av evangeliet (1 Tess 1, 5; 1 Kor 2, 4).
- c) Teikn og under (Apg 3-4; Rom 15, 18f; Hebr 2, 4; Gal 3, 5).
- d) Andens gåver (Hebr 2, 4; 1 Kor 12-14).
- e) Jesu person og verk (Joh 7, 39: 15, 26: 16, 7).

D. Korleis får vi Den Heilage Ande iflg Apg?

1. Dei første læresveinane og pinsedagen.

2. Dei seinare læresveinane og kvardagen (Apg 2: 8: 10: 19).

3. Kva Bibelen seier om dåpen.

- a) Dåpen meddeler menneske forlating for syndene og i dåpen får menneske Anden - i gåve - med utrustning, trøyst og forsvar (Apg 2, 38).
- b) Dåpen innlemmer eit menneske i Guds nye paktsfolk, i trusfellesskapet i kyrkjelyden, i

samfunnet av dei heilage (Matt 28, 18-20; Apg 2, 37-41; Tit 3, 3-7; 1 Kor 6, 11: 12, 13). Gjennom dåpen vert menneske vaska reint. Det vil sei at det vert reinsa frå synda, at det vert helga/ innvigd til Guds heilage, reine folk.

c) Menneske vert døypt til Kristi namn (Matt 28, 18-20; 1 Kor 1, 13: 6, 11; Gal 3, 27). Det blir med andre ord Kristi eigedom i dåpen. Og stilles med det under Kristi herredøme i motsetnad til djevelens. Det betyr ikkje berre at djevelen mister taket på oss, men også at Kristi vilje skal få råde i oss, rettleie oss og gi seg uttrykk i våre handlingar.

d) Dåpen ikler oss Kristus (Gal 3, 27).

e) Dei døypte er krossfest med Kristus (Rom 6, 3. 6; Gal 5, 24).

f) Dei døypte er døde med Kristus (Rom 6, 8; Kol 3, 8).

g) Dei døypte er begravd med Kristus (Rom 6, 4; Kol 2, 12).

h) Dei døypte har vokst saman med Kristus (Rom 6, 5).

i) Dei døypte er gjort levande saman med Kristus (Kol 2, 13).

j) Dei døypte skal leva med Kristus (Rom 6, 8; Kol 2, 6).

E. "Fylte av Den Heilage Ande".

1. Nokre sentrale uttrykk.

a) "Født av Anden".

b) "Døyp med Anden".

c) "Fylt av Anden".

2. Åndsfylde er knytta til forkynninga (Apg 4, 8. 31: 13, 9; Luk 1, 41. 67).

3. Lukas teiknar eit todelt bilete av Anden.

a) Kraft (Apg 4, 8. 31: 10, 38: 13, 9).

b) Person (Luk 2, 26; Apg 8, 29: 16, 7).

F. Anden si gjerning i frelsingstida iflg Esek 36, 25-27 og Joel 3, 1f.

1. Reinse frå synd/ avgudsdyrking.

2. Bu i den som trur.

3. Skape ein ny og heilag livsstil hjå Guds folk.

4. Utruste Guds folk.

G. Spørsmål til samtale.

1. Kva trekk ved apostlane si teneste meiner de er særleg viktige for oss i dag?

2. Kva tenker du når du høyrer namnet «Den Heilage Ande»?

3. Kva følgjer får det om vi omtalar Anden som a) ei kraft, b) som ein person? Kvar meiner de at vekta bør ligge?

4. *For dei første kristne var Anden ein realitet i kirka og i deira eigne liv. Korleis meiner de dette er for oss i dag?*
5. *Les Luk 22, 54-60 og Apg 2, 14. Kva er skjedd med Peter? Kva hindrer oss i å gje vitnemålet om Kristus vidare?*
6. *Les Apg 2, 21. Kva vil det seie å «påkalle Herrens namn»?*
7. *Kva er omvendning? Kvifor vert noken omvend og andre ikkje?*

VII. Misjonsforkynning i Apg. Apg 2, 14ff: 17, 22-31.

- A. **Talestoff i Apg generelt.**
- B. **Lukas og talestoff i Apg.**
 1. *Lukas har ikkje sjølv høyrte alle talane (Apg 5, 34ff: 26, 31ff).*
 2. *Lukas er avhengig av overleveringar (Luk 1, 1ff).*
 3. *Lukas legg stoffet til rette for sine lesarar (Apg 1, 19).*
- C. **Misjonsforkynning for jødar.**
 1. *Innleiinga.*
 2. *Jesus-kerygma.*
 - a) *Om jødane som fekk Jesus krossfest (Apg 2, 23b: 3, 13f: 4, 8. 10: 5, 28. 30: 13, 27f).*
 - b) *Om Gud som reiste Jesus opp frå dei døde (Apg 2, 14. 32: 3, 15: 4, 10: 5, 30: 10, 40: 13, 30).*
 - c) *Vitnemål frå apostlane (Apg 2, 32: 3, 15: 5, 32: 10; 42: 13, 31).*
 3. *Appell til omvendning (Apg 2, 38: 3, 19).*
 4. *Vitnemål frå Skrifta, dvs GT (Apg 2, 25ff: 13, 35ff).*
- D. **Skriftbruken i Peter si pinsepreike.**
 1. *Det er ikkje ein tekst i Skrifta som skal tolkast. Det er aktuelle hendingar som skal forklarast ut frå Skrifta.*
 - a) *Jesu oppstode i lys av Sal 16, 10.*
 - b) *Jesu opphøging i lys av Sal 110, 1.*
 - c) *Utrenninga av Anden på pinsedagen i lys av Joel 3, 1ff.*
 2. *Peters forklaringar seier noko vesentleg om urmenigheten si forståing av GT.*
 - a) *GT vert tolka som profeti. NT som oppfylling.*
 - b) *GT vert tolka Messiansk/ Kristologisk.*
- E. **Om nytestamentleg skrifttolkning.**
 1. *Den noverande og den komande tidsalder.*
 2. *Om Jesu sjølvforståing og urmenigheten si forståing av GT.*
 - a) *Jesus såg seg sjølv som oppfyllinga av profetiane i GT (Luk 4, 21; Joh 5, 39. 46).*
 - b) *Heile GT var - for menigheten - ei bok som vitna om Jesus som Messias (Luk 24, 27. 44).*

F. Misjonsforkynning for heidningar. Paulus talar på Areopagos.

1. Inndeling av Areopagostalen.

- a) Apologetisk del (Apg 17, 22-28).
- b) Kerygmatiske del (Apg 17, 29-31).

2. Hovudpunkta i Areopagostalen.

- a) Gud er Skaparen bak skaparverket (24).
- b) Gud held skaparverket oppe (25).
- c) Guds mål med skaparverket (27).
- d) Gud kallar til omvending (30).

3. Er Areopagostalen "paulinsk"?

- a) Omvending frå avgudane (Apg 17, 29f sml 1 Tess 1, 9).
- b) Den komande domen (Apg 17, 31 sml 1 Tess 1, 10).
- c) Jesu oppstode (Apg 17, 31 sml 1 Tess 1, 10).

G. Bodskap i Apg sitt talestoff.

- 1. *Messias* (Apg 5, 42: 8, 35: 11, 20: 17, 3: 18, 5. 28).
- 2. *Oppstoda* (Apg 4, 2. 33: 17, 18).
- 3. *Guds rike* (Apg 8, 12: 20, 35: 28, 23. 31).

H. Bodberar for evangeliet i Apg.

- 1. *Apostlar og evangelistar.*
- 2. *Vanlege menighetslemer* (Apg 8, 1).
- 3. *Teltmakarar.*

I. Spørsmål til samtale.

- 1. *Drøft utsagna: «Jødane drap Jesus!». «Alle menneskers synder førte Jesus til krossen!».*
- 2. *Kva i Paulus tale på Areopagos kan vere eit førebilete for forkynning til ikkje-kristne idag?*

VIII. Livet i urmenigheten. Apg 2, 42-47: 4, 32-35: 5, 12-16.

A. Gudslivet i menigheten (Apg 2, 42. 46f: 5, 12b-14).

1. Urmenigheten held fast ved "læra åt apostlane" (jfr Apg 5, 24).

2. Urmenigheten held fast ved "samfunnet".

- a) Samhaldet (Apg 4, 32a; Fil 1, 27: 2, 2).
- b) Gudstenesta (Hebr 10, 23-25).
- c) Det materielle fellesskapet (Apg 2, 42. 44b sml SvO 1981: "den innbördes hjälpen").

3. Urmenigheten held fast ved "brødsbrytinga" (Apg 2, 46b; 1 Kor 10, 16: 11, 24; Luk 22, 19; Apg 20, 7-12).

4. Urmenigheten held fast ved "bønene".

- a) Israels store bønetradisjonar.
- b) Særlege kristne bønner (Fil 2, 5-11; Kol 1, 15-20).
- c) Viktige avgjerdsler i menigheten er knyttta til bøn (Apg 1, 24: 6, 6: 13, 3: 14, 23).
- d) Døme på menighetens bønreliv (Apg 1, 14:

4, 24-32: 12, 12).

e) Døme på enkeltpersonar i bøn (Apg 9, 11: 10, 9: 11, 5: 22, 17).

5. **Urmenigheten kom saman – kvar dag – trufast og med éin hug (Apg 2, 46).**

a) Heimen.

b) Tempelplassen.

c) Gudstenester i templet (Apg 3, 1; Luk 24, 53).

6. **Urmenigheten var godt likt av folket (Apg 2, 47 jfr Joh 13, 34-35).**

7. **Urmenigheten var i stadig framgang (Apg 2, 47 jfr "vekstnotisene").**

B. Det materielle fellesskapet i menigheten (Apg 2, 42-46: 4, 32-35: 5, 4).

1. **Eigedomsfellesskap?**

a) Barnabas (Apg 4, 36-37) – eit døme på kva alle i menigheten gjorde eller eit føredøme for menigheten?

b) Ananias og Saffira (Apg 5, 4) – eit unntak eller eit døme på falsk gudsdyrking?

2. **Diakonar (Apg 6, 1ff).**

3. **Hushaldarar (Apg 4, 35: 6, 1ff; Ef 3, 1f).**

C. Teikn og under (Apg 2, 43: 4, 33: 5, 12a. 15f).

1. **Korleis er "teikn og under" forstått?**

a) Hellenistisk (Apg 14, 8ff: 28, 3ff).

b) Bibelsk (Apg 5, 12).

2. **Kva funksjon har "teikn og under" i Apg?**

D. Spørsmål til samtale.

1. **Les Apg 2, 42-47: 4, 32-35: 5, 12-16. Kva får vi vite:**

a) Om forholdet til «læra».

b) Om Gudstenestelivet.

c) Om omsorg og fellesskap.

d) Om leiing og administrasjon.

e) Om forholdet utad.

2. **Kva betyr det for deg å ha forventning til Gud? Kva er det motsatte?**

3. **Kor viktig er kristent fellesskap for deg?**

4. **Korleis kan vi syne omsorg og kjærleik for kvarandre i menigheten?**

5. **Vitnemålet. Berre tale? Berre handling?**

6. **Er teikn og under noko som skulle følge vår forkynning i dag også, eller høyrer slikt heime i nybrotts- og gjennombrotstider for kirka (misjonsmarka)? Kvifor/ kvifor ikkje?**

7. **Er det noko vesentleg forskjell på å forkynne tru, åndskraft og helbreding og å undervise om det?**

8. **Kva er fornying? Kan ein fornye «etablerte»**

menigheter?

9. Kva er den største utfordringa våre menigheter står overfor sett i lys av tekstane om menighetslivet i Apg (jfr spm 1)?

IX. Menigheten i Apg.

A. Omgrepet "menighet".

1. *Ekklesia (gr).*

a) Lokalmenigheten (Apg 8, 1: 11, 22: 12, 26: 13, 11).

b) Menigheten i "heile Judea og Galilea og Samaria" (Apg 9, 31).

c) Den universelle menigheten (Apg 20, 28).

2. *"Guds menighet".*

a) Bakgrunn i GT; brukt om Israel.

b) Menigheten er Guds verk (Apg 2, 41. 47: 5, 38-39).

c) Menigheten er "samfunn av dei heilage".

B. Korleis oppstod menigheten?

1. *Kva tid oppstod menigheten?*

a) Eit svangerskap - pinsedagen som "fødselsdagen".

b) Ein samlingsprosess – som Israels samling.

2. *Steininga av Stefanus setter eit markert skilje.*

a) Apg 2-5: Gjenreisinga og samlinga av Israels folk.

b) Apg 6-8: Nye situasjonar, utfordringar og løysingar.

c) Apg 10 og utover: Heidningane si innleming i gudsfolket.

3. *Éin Kristus. Éin lekam. Éi kirke. Éitt folk.*

C. Ulike "namn" på dei kristne i Apg.

1. *Læresveinar (Apg 6, 1: 9, 10. 26: 11, 26: 16, 1: 20, 30).*

2. *Brør (Apg 9, 30: 10, 23: 11, 1).*

3. *Kristne (Apg 11, 26: 26, 28).*

4. *Nasarearane (Apg 24, 5).*

a) Brukt om kristne av utanforståande?

b) Samanheng med at Jesus vart omtalt som "nasaréaren" (Apg 3, 6: 4, 10: 26, 9)?

c) Ei vedkjenning? (Matt 2, 23; Jes 11, 1)?

5. *Dei som "hørde vegen til" (Joh 14, 6; Apg 9, 2: 19, 9. 23: 22, 4: 24, 14. 22).*

6. *Dei som "var komne til tru" (Apg 2, 44: 4, 32: 15, 5: 18, 27: 19, 18).*

D. Korleis vert ein innlemma i menigheten?

· Apg 2, 41: 4, 4: 11, 21b: 18, 8b.

1. *Tru.*

a) Kjem av forkynninga (Apg 4, 4: 11, 20f: 13, 48: 14, 1: 15, 7: 17, 12; Rom 10, 17).

- b) Er "å ta imot" (Apg 2, 41: 8, 14: 11, 1 sml Joh 1, 12).
- c) Gjev frelse (Apg 10, 43: 13, 39: 16, 31).
- d) Er ei gåve – ikkje premie (Apg 14, 27b: 16, 14b: 18, 27b).

2. **Omvending og bot.**

- a) Eit sentralt omgrep i GT og NT (Luk 24, 47).
- b) To sentrale uttrykk.

• "Metanoein" (gr).

- o Endre sinn.
- o Å vende seg frå synd (= bot).
- o Apg 3, 19. 26: 14, 15: 26, 20.

• "Epistrefein" (gr).

- o Snu seg rundt.
 - o Å vende seg til Gud (= omvending).
 - c) Handlar om det grunnleggande forholdet til Gud og Kristus (Apg 9, 35: 11, 21: 15, 19: 20, 21).
 - d) Har ei etisk side (Apg 26, 20; Luk 3, 8; Rom 6, 4. 11-13: 12, 1f).
 - e) Guds gåve (Apg 5, 31: 11, 18; Fil 2, 12f; Gal 5, 13ff).
3. **Dåp (Apg 2, 38: 8, 12. 38: 9, 18: 10, 48: 16, 15. 33).**

X. Dåpens veg mot barnehjarta.

A. Omskjeriinga og dåpen (Kol 2, 11f).

1. *Omskjeriing av truande; Abram (1 Mos 17, 24).*
2. *Omskjeriing av heile hus (1 Mos 17, 25-27).*
3. *Omskjeriing av spedbarn; Isak (1 Mos 17, 12: 21, 4).*
4. *Opplært (5 Mos 6, 6-8).*
5. *Til Abrahams tru ved omskjeriing og opplæring (Gal 3, 7).*

B. Gangen gjennom Raudehavet og dåpen (2 Mos 12, 37; 5 Mos 1, 39; 1 Kor 10, 1-7).

1. *Den truande israelitt.*
2. *Døyp med alle sine; fedrane.*
3. *Døyp til Moses; israels spedbarn.*
4. *Opplært i Mose lov.*
5. *Til Mose læresveinar og personleg tru på lova ved dåp og opplæring.*

C. Den kristne dåpen.

1. *Misjonsdåp; den enkelte vert vunne og døypt som truande (Mark 16, 16).*
2. *Dåp av heile hus; heimane vert kristna (Apg 16, 33; 1 Kor 1, 16).*

3. *Barnedåp; folkeslaga vert kristna og holdt kristne "med di de døyper dei" (Matt 28, 18. 20).*
4. *"Og lærer dei å halda..."*
5. *Til Jesu læresveinar og personleg tru på han ved dåp og opplæring.*

D. Dåpens tre trinn (Rom 5, 12-14; Hebr 6, 1-4).

- Misjonsdåp og dåp av heile hus er stadier som vi skal leggja bak oss der det er blitt ordna menighetsforhold.

E. Spørsmål samtale.

1. *Drøft utsagnet til Gamaliel i Apg 5, 38f.*
2. *Kva moment vert løfta fram i dei ulike omgrepa som vert brukt på dei kristne i Apg? Kva omgrep brukar det mest? Kvifor?*
3. *Er der skilnad i innhaldet i omgrepet «omvending» i NT og i vår tids bruk av det? I tilfelle - kva?*

XI. Ny situasjon - nye utfordringar. Apg 6, 1- 8, 1.

A. Hellenistar og hebrearar. Apg 6, 1.

1. *Gresk-talande jødar.*
2. *Hebraisk-talande jødar.*

B. Ei ny teneste i menigheten. Apg 6, 1-7.

C. Motstand frå verda. Apg 6, 8-15.

D. Stefanus-talen. Apg 7.

1. *Dei første Gud kalla. Apg 7, 1-13.*

- Guds lovnader til Abraham (Apg 7, 2-8).

- o Messias (Apg 7, 37. 52 sml 5 Mos 18, 15).
- o Den sanne gudstenesta (Apg 7, 7b sml 2 Mos 3, 12).

2. *Løysingsmannen frå treldomen. Apg 7, 14-29.*
3. *Ulydnad i øydemarka. Apg 7, 30-54.*

E. Stefanus vert drepen – den første kristne martyr. Apg 7, 54-60: 8, 1.

F. Forfølgjing og misjonsverksemd. Apg 8, 1.

1. *Apostlane vart verande.*
2. *Gresk-talande jødar forfølgjer gresk-talande jøde-kristne.*

G. Spørsmål til samtale.

1. *Snakk saman om forfølginga av Apg 8, 1ff i lys av Rom 8, 28.*

XII. Framveksten av misjon i Apg. Apg 8, 4-12, 25.

A. Misjon mellom jødar.

1. *Pinsedagen (Apg 2, 5-11. 14ff. 22).*
2. *Etter pinsedagen (Apg 3, 12ff: 4, 8ff: 5, 29ff).*
3. *Forkynninga gjev rik frukt (Apg 2, 41: 4, 4: 5, 14: 6, 1. 7: 21, 20).*

4. "Folk flest" positivt innstilt til dei kristne (Apg 4, 21: 5, 13).

5. Auka tal på jødekristne ® auka motstand (Apg 4, 1ff: 5, 17ff).

6. Motstand frå leiarane i folket, særleg saddukearane (Apg 4, 1: 5, 17).

7. Martyrdøden til Stefanus startar ei ny epoke i frelsingshistoria (Apg 8, 1).

B. Misjon i Samaria.

1. Gud bryt geografiske og etniske grenser (Apg 8, 4-25).

a) Handspålegginga: Apostlane godtek situasjonen (Apg 8, 14-17a).

b) Utrenning av Anden: Herren stadfester situasjonen en (Apg 8, 17b).

2. Gud bryter kultisk-religiøse grenser (Apg 8, 25-39).

C. Misjon mellom heidningar.

1. Kornelius vert omvendt (Apg 10, 1ff: 11, 1ff: 15, 7ff).

2. Guds leiing.

a) Kornelius (Apg 10, 3ff. 30ff).

b) Peter (Apg 10, 9ff: 11, 5ff).

3. Peter si oppgåve (Apg 10, 28. 33. 34ff).

4. Heidningane sin pinsedag (Apg 10, 44-47: 11, 1ff. 15f).

D. Antiokia – den første heidningekristne menighet. Apg 11, 19-26 jfr Apg 13, 1-3).

E. Spørsmål til samtale.

1. Apg 10, 3ff syner kor vanskeleg det var for Peter å handle på tvers av tradisjonelle jødiske føreskrifter. Kva kan vi lære av hans handlemåte?

2. Kva kan Kornelius-episoden lære oss om samanhengen mellom meddeling av Heilaganden og dåp?

3. Les Rom 1, 16. Kva meiner de dette utsagnet har å sei for misjon mellom jødar og heidningar idag?

XIII. Paulus i Apg. Apg 9: 13-28.

A. Paulus. Biografiske data.

- Fødd i byen Tarsus i Kilikia (Apg 21, 39: 22, 3).
- Jøde, israelittiske foreldre, av Benjamin stamme (Fil 3, 5; Apg 22, 3; Rom 11, 1).
- Namn: Saulus (Apg 9, 4 - jødisk) og Paulus (Apg 13, 9 - gresk).
- Romersk borgar (Apg 16, 37: 22, 27f: 23, 27).
- Teltmakar (Apg 18, 3).
- Kunne truleg hebraisk, aramisk og gresk både munnleg og skriftleg (Fil 3, 5; Apg 21, 40: 22, 2f jfr. 26, 14).
- Skriftlærd, opplært av Gamaliel (Apg 22, 3).

- Tilslutta farisearpartiet (Apg 23, 6: 26, 5; Fil 3, 5).
- Nidkjær for tradisjonane frå fedrane (Gal 1, 14 jfr Fil 3, 6).
- Nær fanatisk (Fil 3, 6; Gal 1, 13; 1 Kor 15, 9).

B. Paulus. Omvendning og kall.

1. *Forfølgaren Paulus (Apg 8, 1. 3: 9, 1f).*
2. *Hendingane ved Damaskus (Apg 9: 22: 26).*

Viktig for...

- a) Lukas (samanheng og brot mellom GT og NT).
 - b) Paulus (1 Kor 9, 1: 15, 3-11; Gal 1, 12).
 - c) Den unge kristne menigheten.
3. *Guddomeleg inngripen og openberring (Apg 9, 3 jfr 2 Mos 13, 21f; Luk 2, 9; Apg 12, 7).*
 4. *Korleis opplever Paulus det som skjer? (Apg 9, 7 sml 22, 9).*
 - a) Dei som fulgte Paulus registrerer at noko skjer, men ser ikkje noko forutan utan ljøs.
 - b) Dei som fulgte Paulus høyrer ei røyst, men ikkje kva som vert sagt.
 5. *Paulus trur han kjemper Guds kamp, men kjemper mot Gud sjølv (Apg 9, 1-5).*
 6. *Paulus og Guds leiing (Apg 9, 6).*

C. Kva betydning har Damaskushendingane for Paulus?

1. *Ser Jesus (Apg 9, 17. 27: 22, 14f: 26, 16).*
2. *Tek imot Jesus (Apg 9, 17f. 20. 22).*
3. *Kalla til teneste for Jesus (Apg 9, 15f: 22: 26).*

D. Misjonæren Paulus.

1. *ste misjonsreise (Apg 13-14).*
 - a) Kall og utsending i Antiokia (Apg 13, 1-3).
 - b) Reise til Lille-Asia (Apg 13, 4-14, 28).
2. *dre misjonsreise (Apg 15, 36-18, 22).*
 - a) I Lille-Asia (Apg 15, 36-16, 10).
 - b) I Makedonia og Hellas (Apg 16, 11-18, 22).
Skreiv 1-2 Tess i Korint.
3. *dje misjonsreise (Apg 18, 23-21, 16).*
 - a) I Lille-Asia (Apg 18, 23-19, 41). Skreiv 1 Kor i Efesos.
 - b) I Makedonia og Hellas (Apg 20, 1-5).
Skreiv 2 Kor i Makedonia og Gal + Rom i Korint.
 - c) Reisa til Jerusalem (Apg 20, 6-21, 16).

E. Misjonsstrategen Paulus.

1. *"Jøde fyrst og så grekar" (Rom 1, 16).*
 - Apg 13, 5. 14: 14, 1: 17, 1f. 10.
 - Teologisk begrunna, men også ein misjonsstrategisk klok framgangsmåte (Apg 13, 43: 16, 14: 17, 4. 17).
2. *Sentrale byar og god tid.*

- Korint (Apg 18, 11). Provinshovudstad. 1½ år.
- Efesos (Apg 19, 10 jfr Apg 20, 31). Provinshovudstad. Over 2 år.
- Kortare periodar skuldast gjerne ytre omstendigheter (Apg 13, 50: 14, 5-6. 19-20).

3. **Forkynninga (Apg 20, 20f. 25. 27).**

F. Teltmakaren Paulus.

1. *Teltmakar og misjonær – samtidig (Apg 18, 3 sml 1 Tess 2, 9 jfr Apg 20, 34).*
2. *Misjonær dersom det var tid (Apg 18, 4).*
3. *Misjonær dersom det var støtte (Apg 18, 5).*

G. Fangen Paulus.

1. *I Jerusalem (Apg 21, 17-23, 35).*
2. *I Cæsarea (Apg 24-26).*
3. *I Rom (Apg 27, 28). Skreiv Ef, Kol, Filem og Fil. 1-2 Tim og Tit skreiv han seinare.*

H. Spørsmål til samtale.

1. *Paulus var samtidig teltmakar og misjonær. Meiner de at hans føredøme kan vere eit førebilete også idag? I kva samanhengar?*
2. *Er det andre sider ved Paulus sin misjonsstrategi som vi kan ta lærdom av?*

XIV. Apostelmøtet.

A. Problem og løysing etter Apg 15.

1. *Apostelmøtet - kva er det?*
2. *Apostelmøtet - kvifor det?*
3. *Apstolmøtet - kva førte det til?*
 - a) *Vedtak: Heidningekristne skulle ikkje påleggjast omskjering.*
 - b) *Dekret: Heidningekristne vart bedt om å halda seg borte frå offerkjøt, blod og kjøt av kvalte dyr og hor.*

B. Historiske problem? Apg 15 kontra Gal 2.

1. *Talar Lukas og Paulus om det same møte?*
2. *Var Paulus kjent med aposteldekretet (Gal 2, 6; Apg 21, 25)?*

C. Apostelmøtet sitt vedtak.

1. *Saksliste (Apg 15, 6-7).*
2. *Peter (Apg 15, 7ff).*
3. *Jakob (Apg 15, 13ff jfr Amos 9, 11f).*
4. *Avgjerdsle (Apg 15, 22ff; Gal 2, 3. 6): Nåden er fri.*
5. *Konsekvens (Gal 2, 9): Antiokia fekk apostolisk godkjenning for sin teologi og praksis.*

D. Aposteldekretet (Apg 15, 20f. 29).

1. *Apostelmøtet sitt vedtak var klårt.*
2. *Aposteldekretet - kva er spørsmålet?*

- Jødiske reinsingsføreskrifter, rituelle ordningar - ikkje moralske bod (1 Kor 10, 23ff; Rom 14-15).

3. **Aposteldekretet - kva er svaret?**

- a) Offerkjøt. Kjøtt av dyr som var ofra til avgudane.
- b) Kjøtt av kvalte dyr. Kjøtt av dyr som ikkje er slakta på rett viss etter føreskriftene.
- c) Blod (1 Mos 9, 4; 3 Mos 17, 3f. 10ff).
- d) Hor. Ekteskapsbrot og/ eller ekteskap som er forbode, som t.d. ekteskap mellom slektningar (3 Mos 18, 6-18).

XV. Paulus tek avskjed. Apg 20, 1-38.

Paulus har avslutta eit tre år langt opphald i Efesos. Kor tid etter oppstanden som Demetrius fekk stelt istand, drar han igjen ut på reise. Det skjer i samsvar med dei planane han tidlegare har skissert. Det er no gått 6-7 år sida det viktige Apostelmøtet fann stad i Jerusalem. I denne perioden har Paulus gjennomført si andre misjonsreise, og han står ved avslutninga av den tredje.

Paulus dreg til Makedonia og Hellas. Han ønska vel å vitje sin kjære kyrkjelyd i Filippi. Men like viktig var det å kome til Korint, der problema såg ut til å tårne seg opp. Han prøvde å løyse desse med brev og med sendebod. Vi veit at 1 Kor er skreve frå Efesos. Vi veit at Timoteus vart sendt for å minne korintarane om grunnsetningane i den kristne trua. Men uroa hadde ikkje lagt seg. Difor ville han no sjølv prøva å ordna opp.

Frå Korint dreg han tilbake via Makedonia. Reisemålet er no Jerusalem. Han er på veg dit for å overlevere ei gåve til dei fattige mellom dei heilage. I Milet tek han avskjed med dei eldste frå Efesos (det er berre fem mil frå Efesos til Milet). Vi møter Paulus sin avskjedstale i teksten vår. Denne talen skil seg frå andre taler i Apg med det at den er *for kristne*. Det er ein avskjedstale til kyrkjelydsleiarar i hovudstaden i Lilleasia, Efesos. Leiarar for ein kyrkjelyd som tidleg fekk ei leiande stilling i den unge kirka.

Vi møter ei gripande skildring av avskjeden mellom Paulus og kyrkjelydsleiarane. Bakgrunnen er at Paulus er viss på at han ikkje vil få sjå dei att. Teksten vår vitnar om den kjærleiken kyrkjelydane omslutta Paulus med.

Dette er eit vendepunkt for Paulus. I 20 år har han reist i misjonsteneste. Han har opplevd store gleder, han har møtt motgang og problem. På veg til Jerusalem gir Paulus sitt testamente. Talen er prega av situasjonen; avskjed. Men den er ikkje utforma slik at den berre vert avskjed med ei bestemt gruppe kirkeleiarar, men med alle dei kyrkjelydane som er grunnlagt gjennom Paulus misjonsverksemd. Paulus sitt arbeid er i fokus. Paulus sjølv blir tema for talen.

Paulus er tidlegare omtala av Lukas som *misjonær*. Dette motivet er også med i denne talen, men sterkt tona ned. Her er han først og fremst *kyrkjelydsleiar*. Hans misjonsverksemd er i stor grad ført til endes. No skal han styrka dei forsamlingane som er skapt. Den store kyrkjelydsgrunnleggaren og kyrkjelydsleiararen trer tilbake. Men Gud fører verksemda vidare gjennom nye leiarar. Og Paulus sjølv har gitt dei eit førebilete til inspirasjon.

Paulus tek avskjed. Tekstarbeid. Apg 20, 1-38.

Spørsmål frå den gong og i dag.

1. Det er merkverdig kor ofte Lukas samanfatar Paulus forkynning med utsagn om at han «sette mot i», og at han tala til «trøyst og kveik» for dei truande (v. 1-2). Er det sant at dette er ei side ved forkynninga som er lite framme idag? På kva måte kunne det i tilfelle kome sterkare fram?

2. Om gudstenestefeiring første dag i veka (v. 7ff). Ein kristen leiar skriv:

«Jeg ser for meg en menighet hvor gudstjenesten er i ferd med å ta synlig skikkelse som det vi teologisk sett vet at den er: vår himmelfest på jorden. Jeg ser for meg en menighet som er til stede i gudstjenesten på en slik måte at en tilfeldig besøkende ikke kan være i tvil: her skjer det noe viktig! Jeg ser for meg en menighet som i sin gudstenestefeiring avlegger vitnesbyrd om dette: vi står for Guds ansikt! Jeg ser for meg en gudstjeneste som bygger bro mellom generasjonene, der vi alle holdes oppe og bæres av hengivelsens fellesskap».

På kva måte er dette ei utfordring for dykk i dykkar kyrkjelyd?

XVI. Frå Jerusalem til Roma. Apg 22-28.

A. Anklagene (Apg 21).

1. *"Imot folket" ® danning av eit nytt gudsfolk.*
2. *Imot "lova" ® lovløyse.*
3. *Imot "denne staden" ® templet mister posisjon som heilagdom.*
4. *"Alle"/ "alle stader" ® ikkje berre i Jerusalem, men i heile det romerske riket.*

B. For Det Høge Råd (Apg 22-23).

C. For landshovdingen Feliks (Apg 24).

1. *Anklagene (Apg 24, 5ff).*
2. *Forsvaret (Apg 24, 12-13. 18).*
3. *Ansvarsvegring (Apg 24, 22).*
4. *Resultat: Varetekt i Cæsarea, 2 år (Apg 24, 27).*

D. For landshovdingen Festus (Apg 25).

E. For kong Agrippa (Apg 26).

F. For keisaren i Roma (Apg 27-28).

XVII. Epilog. Om Lukas si framstilling av Paulus.

A. Vitne.

B. Kontinuitet og diskontinuitet.

XVIII. Byer i Apg.

A. Antiokia.

B. Tarsus.

C. Filippi.

D. Aten.

E. Korint.

F. Efesos.
G. Milet.

Plan over hovudemner:

HOVUDEMNER	Les i HVALVIK	Les i APG
Innleiingsspørsmål.	Kap. 1-3.	
Oppstode og himmelfart.	Kap. 4.	Apg 1, 1-14.
Apostelvalg, pinseunder og pinsepreika.	Kap. 5-7.	Apg 1, 15-2, 41.
Kirke og kyrkjelyd. Urkirka. Den første martyr.	Kap. 8-10.	Apg 2, 42-8, 3.
Evangeliet til nye folkeslag.	Kap. 11.	Apg 8, 4-12, 25.
Paulus og hans tre misjonsreiser, apostelmøtet.	Kap. 12- 14.	Apg 9: 13-21.
Frå Jerusalem til Roma.	Kap. 15.	Apg 22-28.

